

## **HØYRINGSFRAMLEGG TIL LOKAL FORSKRIFT OM HOVUDMÅL FOR GRUNNSKULANE I VOSS HERAD**

Heimel: Vedteke av Heradstyret i Voss herad DATO med heimel i Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (LOV-2023-06-09-30) § 15-2.

### **§ 1 Føremål og verkeområde**

Forskifta fastset hovudmålform i Voss herad for grunnskulane og Voss vaksenopplæring jamfør opplæringslova § 15-2.

Forskrifta gjeld for alle elevar og tilsette ved grunnskulen og Voss vaksenopplæring i Voss herad.

Elevar på 1. til 7. trinn skal i det skriftlege arbeidet bruka det skriftspråket som kommunen har vedteke som hovudmål for skulen. Føresette til elevane vel om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk. Elevar på 8. til 10. trinn vel sjølve om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som hovudmål, og om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk jamfør opplæringslova § 3-1. Deltakarar i opplæringa for vaksne vel sjølve om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som hovudmål i det skriftlege arbeidet jamfør opplæringslova § 19-3.

### **§ 2 Hovudmål**

Hovudmålet i grunnskulane og Voss vaksenopplæring i Voss herad er nynorsk. Skulen skal nytta nynorsk som skriftspråk i opplæringa og i all skriftleg kommunikasjon både til elevar, føresette og andre.

### **§ 3 Iverksetjing**

Forskrifta trer i kraft 1.august 2024.